



JAPANSK MARGERT AV HUSBYS STAMME

- og om gartnaren Erik P. Husby

Av Helge Husby 2015



Det øvste fotoet er frå hagebrukskurset i Oppigarden 1899, Erik Husby står nr. tre frå høgre, og jenta skulle vere den første på desse kursa. Det nedste biletet er frå eit hagekurs nokre år seinare. Kvinnene er sterkare representert her. Oldefar Erik Husby sitt nede til venstre, medan bestefar Nils Husby står bak dei to jentene midt på biletet.

JAPANSK MARGERT AV HUSBYS STAMME

- og om gartnaren Erik P. Husby

Av Helge Husby

LITT OM ERTENE

Desse margertene finst det ikkje nokon varedeklarasjon på, så varedeklarasjonen får bli historia rundt dei. Oldefar min, Erik Husby, tok dei med heim frå Amerika i 1923, og dei vart nytta av «alle» i bygda heime på Gyl og vart elles seld som «Japansk margert av Husbys stamme» av Norsk Frø AS. I bygda vart det ofte sagt berre «Husbys stamme».

Etter kvart som det vart slutt på kjøkehagane, vart det òg slutt på erterhesjene. Eg trudde at sorten vart utdøydd, heilt til ei eldre kvinne på Gyl fortalte at ho hadde ein pose liggande på loftet. Det var i 1994. Eg sådde nokre av ertene - og så godt som alle spira. Denne kvinna presiserte at det var viktig at ertene som skulle brukast til såing, modna lenge på erterhesja.

Dyrking av margerter

Personleg har eg god erfaring med å la såertene henge lenge på hesja og ta inn heile belgar og evt. med erterris. Dette kan ein henge opp eller legge belgane utover for tørking. Når ertene er skikkeleg tørka, kan ein opne belgane og sortere såarter, dei med flest erter i belgen er best. Når ertene er tørka er det også lettare å skille gode og dårlege såarter. Men ein bør også plukke ut dei som er tidleg modne. Sett av eit godt parti av erterhesja til såarter, der ein ikkje haustar av. Det er lett å ta dei tidlegaste og finaste ertene til mat, og såertene blir dei som blir att.

Innhausting av erter til mat må skje når ertene er på sitt største, og rett før sukkeret går over til stivelse. Etterpå blir smaken dårlegare, og ertene får for fast konsistens.

Belgen på «Japansk margert av Husbys stamme» skiller seg ut frå anna margert ved at han er stor og har ein sterk bøy på tuppen. Ertene er også store. Og ikkje minst, har sjølve planta ein kraftig vekst og blir rundt 2 meter høg om dei får noko å klatre i. Dei må ha hesje å klatre i frå absolutt første stund. Ventar ein med å sette opp strengar eller netting, har eg erfaring med at dei liksom gjev opp og veltar utover og festar seg dårleg.

Det går fint å sette dei direkte ut uten forkultur, men dei må ligge i vatn ca. eitt døgn før ein sår. Eg har ikkje opplevd mykje sjukdom på denne sorten. Dei tåler tydelegvis å bli dyrka på samme plassen år etter år. Eg hugsar at eldre folk tok med nokre spader jord frå gammelplassen og slengte utover der dei sådde, om dyrkeplassen vart flytta. Det har truleg med å få med bakteriekulturen? I stikk og strid mot vekselkultur for å unngå sjukdommar, skulle ein tru.



Randi Gjeldnes og Erik Husby gifta seg i 1879 og hadde 10 born. Foreldra til Erik dreiv husmorskule på Husby-garden i Øksendalen. Både Erik og broren Jon fann seg koner blant elevane.

ERIK PEDERSSON HUSBY

Her er litt av historia rundt mannen som tok med seg ertene til Gyl på Nordmøre, og om staden i USA der dei vart dyrka. Sammen får dette stå som «varedeklarasjonen»:

Erik Pedersson Husby vart fødd 23. aug. 1854 i Ångarden, Husby i Øksendalen på Nordmøre. Han var nr. 3 av 11 søsken. Foreldra var Peder Eriksson Valset frå Ålvundeidet og Magnhild Steinarsdotter Ansnes frå Todalen. Sidan faren kjøpte garden på Husby, tok borna namnet etter garden. Foreldra gjorde det aldri, men ein av søskena til oldefar, Jon, som var fylkesgartnar i Sogn, endra namnet sitt frå John Husby til Jon Valset da han gjekk på Ås i 1890-åra. Bror min i USA, Nils Kjartan Husby, tok namnet Erik Valset da han vart US statsborgar. I USA er det fleire slektningar som heiter Eric og Peter Husby i dag.

Det var etter tida og tilhøva «høgt oppunder taket» i Ångarden, og garden var nok eit kulturelt høgsete i bygda. Erik Husby reiste såleis tidleg ut og fekk utdanning, slik fleire av søskena hans òg gjorde. Sagatun folkehøgskule på Hamar og Vonheim folkehøgskule i Gausdal var første skulestadane hans. På Vallekilde og Askov folkehøgskular i Danmark fekk han sløkt kunnskapstørsten seinare. Der lærte han m.a. teknisk tegning og spesielt tegning av gardsreiskap. I Korsør i Danmark gjekk han i gartnarlære. Med denne livserfaringa vart han gardsstyrar hos Bjørnstjerne Bjørnson på Aulestad. I denne perioden hadde dei husmorskule heime i Ångarden, og som andre av søskena sine, fann han seg kone blant jentene der, Randi Nilsson Gjeldnes frå Trøinn i Stangvika. På eit besøk heime i Øksendalen, forlova dei seg. Dette tykte Bjørnson var svære saker. «Du, Erik må være en lykkelig mann», sa han.



Erik Husby gjekk Vallekilde folkehøjskole i Danmark 1874-1875. Foto utlånt av Valdekilde højskole.



KJØPTE OPPIGARDEN PÅ GYL

I 1879 kjøpte han lensmannsgarden Oppigarden på Gyl i Tingvoll. Seinare fekk han tilbud om å ta over Ångarden fordi kona til eldstebroren Gunnar ikkje var serleg påakta og ikkje gjekk godt i lag med svigermor si. Dette hadde nok også med sosiale skille å gjere. Men oldemor ville ikkje vere med og ta over garden, som var blant dei store på Nordmøre. Oldemor, som også var stridig kvinnesakskvinne, meinte at når svigerinna Marit ikkje var god nok for svigermor, var det mot hennar natur å ta den plassen!

Ungt par med pågangsmot

I Oppigarden reiv oldefar først ned fjøset og bygde opp på nytt, slik han sjølv ville ha det. Så selde han børstua (borgstua) og begge våningshusa (børstua og eitt våningshus står i dag på Averøya) på garden og bygde nytt hus i austlandsstil. Det skulle vere Vonheim folkehøgskule i Gausdal som var idéen til arkitekturen. Taket i austre stua vart ein kopi av taket i våpenhuset i barndomskyrkja til oldemor, Stangvikkyrkja. Taket er bevart i dag, men gull- og brunfargene er overmåla. Han bygde så nytt setersel, sommarfjøs og dampskipsekspedisjon med bryggje nede ved sjøen. Han sette og opp handelshus i elvaosen like ved, der «madam Olsen» (Johanna Barbara Olsen, f. Børset, ståkar åt lensmann Lie), dreiv med handel. Frå 1896 til 1906 dreiv han hagebruksskule på garden, og han bygde gartneri i Kristiansund, der hovudkyrkja står i dag. Fleire tre og busker som han hadde med frå ulike stader, finst ennå på garden. Veggtra som var mykje utbreidd på indre Nordmøre fram til dei seinare ti-åra, var det han som poda og spreidde utover.

Eldre folk fortalte at det var kjekt å arbeide hos oldefar i Oppigarden da dei var ungar og ungdommar. Dei lærte mykje og dei fekk godt betalt. Dei kunne òg få med seg eit frukttre eller ei bærbuske for å plante heime. Såleis står det mange gamle sortar om kring i Gyl-bygda. Ein gammel rotekte gulplomme, der plommen har små, raude snirkklar og strek, var blant dei trea ungdommar fekk med seg heim. Og det var eplesortar som Signe Tillisch, Haugmann, Fosseple, kvit og raud Astrakan, Prinsar, Transparente Blanche og pæresortar som Grønnespære, Gråpære, Keiserinnepære og Williams favoritt. I 1890-åra planta han ein morellerhage som vi fekk glede av til 1980-åra. Det siste gjekk under nyårsorkanen 1992. Sortane eg hugsar, var Werders (Werderske) hjerte og Kvite spanske. Dei kvite spanske sto annakvar i alléen opp til garden. I tillegg var det surkirsebær og mørkraude moreller.



Gul, rotekte plomme frå Oppigarden, som mange ungdommar fekk med seg heim da dei arbeidde hos Erik P. Husby.

BROR JON VALSET OG GRØNNESPÆREN



Broren Jon Valset (endra frå John Husby da han gjekk på Ås), var fylkesgartnar i Sogn. Her med kona Karen, f. Engdal og eldste sonen, Tormod Valset.

Grønnespæren var ein mykje brukt pæresort på Nordmøre, og kanskje den mest vanlege sorten også i dag. Det var konsul Nicolay Knudtzon III i Kristiansund som hadde fått tak i pæretre frå Tyskland. I 1850 selte han eit slik tre til Einar Grønnes på garden Grønneset i Stangvika. Oldefar Erik fekk tak i podedkvistar hos Einar Grønnes og produserte pæretre som han spreidde utover Nordmøre. Mange stod som veggtre. Han kalla sorten for «Grønnespære».

Broren, Jon Valset, var fylkesgartnar i Sogn og budde i Sogndal. Etter han var det fleire fruktinteresserte. Sonen Tormod Valset var m.a. fylkesgartnar i Oppland og budde på Gjøvik, og sonen Kåre Valset var dosent i frukt og bær på tidl. Norges landbrukshøgskole på Ås og har arbeidd med genressursar for frukt og bær. Yngstesonen Steinar levde av fruktdyrking og forpakta prestgarden i Leikangeter og dreiv seinare fruktdyrking på Biri.

Oldefar Erik formidla Grønnespæren til bror Jon. Åberge planteskule er kanskje den einaste som sel denne sorten i dag - kanskje på grunn av at Jon Valset spreidde sorten i Sogndal. Jon Valset er gravlagt under ein stor blødbøk ved Sogndal kyrkje.



Familien samla i Portland, Oregon, USA etter at dei reiste over i tre puljer i 1905-06. Erik og Randi Husby sitt i midten med veslejenten Gunvor og sonen Henrik mellom seg. Magnus sitt bak. Frå venstre: Ragna, Asbjørg, Nils, Olaus, Gunnar og Magnhild. Etter kort tid flytta dei nordover til Skagit County, Washington.

REISTE TIL USA

Det var mange som drog til USA denne tida. Oldefar hadde 5 søsken i USA, medan oldefar, utanom to halvsøsken, ikkje hadde søsken att her i landet. Søstera hennar, Gurå, var heime i nesten eins ærend for å overtale dei til å reise over. Det var i 1890-åra. Men det skulle gå heilt til 1905 før dei første i familien reiste. Den første som reiste var eldste dottera, Asbjørg. Så reiste brørne Nils, 22 år (bestefar) og Gunnar, 16 år, og hausten 1906 drog resten av søskenflokket. Da var det strenge innvandringskrav, og dei torte ikkje å reise over Ellis Island, men drog opp dei store sjøane til Canada og kom seg over grensa nord for Bellingham. Onkel Halvor P. Husby tok imot dei.

Livet i USA

Foreldra og dei seks andre borna reiste etter, og sonen Peder tok over garden. Den 87 år gamle «madam Olsen» vart med dei over til USA. Første året dreiv dei hagebruk i Portland, Oregon, men seinare kjøpte dei gard på Fir Island, Skagit County, Washington. Gardshusa låg der det i dag står store søyleasper, koordinat 48°19'23.3" N 122°21'24.3" V. Hovedhuset er flytta på nordsida av Skagit River og står den dag i dag.



Husby-farmen på Fir Island - Randi, Erik, Gunvor og Henrik. I dag er det berre eit par søyleasper som står der gardshuset stod. Dette vart planta av Norman Brodland, som kjøpte garden i 1937. Han tok seinare ned huset og flytta det på nordsida av Skagit River, der det står i dag.

Bestefar Nils kjøpte ein nabofarm, og ein annan son, Olaus, hadde eit småbruk på ei øy i elvadeltaet like ved. Ikkje alt gjekk like lett for dei. Dei var plaga av flom og av nedgangstider. Oldemor skriv i brev frå 1911 at «guttene» er reist til Cordova i Alaska på jarnbanebygging på gullfelta. Ho skriv om strevet på garden, som tek hardt på alle. «Men jeg er sterk!», skriv ho. Erik og Randi budde på farmen med dei to minste borna, Gunvor og Henrik.

Her på farmen dyrka dei ertersorten, som seinare vart med over til Norge. I tillegg til at dei brukte ho til materter, sådde dei ertar i ekrene - som grøntgjødsling - og som vart med da det vart tørka høyt eller lagt i silo. Som gutunge tykte eg det var veldig eksotisk å høyre frå gammelonkel Magnus i USA at dei la ertar i silo!


Sonen Henrik drukna

Etter berre få år vart familien ramma av ei hending som tok sterkt på dei. Henrik, som var 11 år, drukna i Skagit River da han leika med trebåtar han hadde spikka seg. Søstera Gunvor var 6 år. Ho døydde i USA nær 101 år gammel, og ho har fortald meg om hendinga. Bestefar tala meir og meir om Henrik di eldre han vart. Og han sa ofte til meg: «Du e så lik nå Henrik!».



Henrik som liten gut heime i Norge.

Satelittfoto av Fir Island, Skagit County, Washington, USA 2014



Erik Husby nyter sitt otium og skuar tilbake på garden han og kona Randi - med god hjelp av søner og døtre - bygde opp på Fir Island, Skagit, WA.

Gardshusa på Husby-farmen på Fir Island stod her.

Våningshuset står i dag her.

Mellom fire buksbomar på Fir-Conway Cemetery ligg Husby familiegravstad.

Øyane i deltaet av Skagit River var eit svært fruktbart landbruksland. Der rydda mange nordmøringar gardar, fleire frå Øksendalen og Tingvoll. Nede til venstre står Brandstedt Slough, som vitnar om Brandstad-folket frå øvst i Øksendalen. Øvst på biletet ser vi noko av garden til Olaus Gjøl frå Neset på Gyl. Han skreiv seg Ole Thompson. Han grensa til Husbyfarmen og var næraste naboen rett over elva mot vest. Olaus Husby, sonen til Erik og bror til bestefar, hadde eit lite bruk med sau og geit på den vesle øya vest for farmen. Bestefar hadde ein annan gard i området. Skagit River var lumsk når ho gjekk over sine breidder. Den gongen var det grove kanalar og laga demningar, men no har naturen teke over. Store deler er naturreservat og er eit attraktivt jaktområde. Men jorda til Husby-farmen og til deler av jorda til Olaus Gjøl er ennå i drift. Bruene er borte, og traktorane blir frakta over elva på sinnrikt konstruerte flåter eller flyttbare bruer.

Heime i Norge gjekk det dårleg med garden. Garden kom på auksjon to gongar. Første gongen reid det over med støtte frå slektningar og pengar frå søskena i Amerika. Andre gongen, i 1923, reiste oldenfar heim og baud på auksjonen. Da hadde han med seg margertene. Han var da 69 år og dreiv garden i fleire år sammen med bestefar Nils, som kom heim etter fjorten år som skogsarbeidar og farmar i USA.

I brev som far min skreiv til bestefar sin i USA, kjem det fram om dagleglivet i Oppigarden denne tida. Om julkveldane song oldenfar «Et lidet barn så lystelig» etter den gamle tonen. Ved nyårsskiftet var det «For dine mildhets gaver vi takke inderlig». Når han stod opp og det var fint sommarvêr, song han «I østen stiger solen opp» med høg og klår røst. Oldemor kom seinare etter, men ho hadde sterkare trong til å reise attende enn oldenfar. I 1934 reiste dei tilbake til USA. Bestefar, som kom heim etter 1. verdskrigen, vart herredsgartnar i Lier ved Drammen. Han tok over garden. Såleis er eg nordmann og gyling i dag.

Erik P. Husby døydde i Stanwood, Snohomish County den 1. desember 1952, 98½ år gammel. Han er gravlagt på Fir-Conway Cemetery ved Milltown i Skagit County, i lag med mange frå familien hans.



Minneorda er faksimile frå framsida av Washington Posten 5. desember 1952


Bondevødingen Erik Husby Døde 1. Des. i East Stanwood

Av O. L. HAAVIK

Erik Husby i East Stanwood er død. Den 98-årige olding vandret bort mandag 1. des.

Alle kjente Erik Husby. Den bredskuldrede, staute og sterke bonden med det vennlige ansiktet, det tykke, buskede hår og det vakre skjegg. Han bevarte sin ranke holdning til ut i 90-årene.

Erik Husby var en helstøpt skikkelse! Hjemme i Norge, som her, en virkelig bondevøding. — Han elsket livet og nøt det. Arbeidslyst besjelet ham. Inntil de siste få år, stod Erik Husby opp



tidlig hver morgen, tok sine spasereturer og fant alltid noe å gjøre. Det ga ham god appetitt og god helse.

Erik Husby var en dannet mann. Kanskje folk flest anså ham som selv-dannet. Ja, ikke så det manglet på skolegang. Hans interesser var allsidige. Med god lesning syslet han. Det kom også vel med på hans gamle dager, da nørseien slo feil og således ikke kunne omgås folk lett i kirken og ved andre sammenkomster, som tilfellet var i yngre år. Allikevel var hans vennekrets stor.

Erik Husby var født 23. august 1854, oppvokst i Øksendal på Nordmøre. Han var sønn til Peder og Maghild Husby. Ved Tingvold ble Erik gårdeier. Interessert i arbeidet tilbrakte han vel ett år ved Lillehammer til forskning i åkerbruk. Likeså tilbragte han et års tid hos en kyndig gartner i Danmark. Tilskynnet og støttet av kommunen, eller staten, underviste Erik Husby unge

menn i sin hjembygd i åkerbruk.

Utfartslysten kom også til Erik Husby. Noen av barna hadde alt reist til Amerika. I 1906 overdro han gården til sønnen Peder, og med sin hustru Randi og barn kom han til Amerika. Familien slo sig ned på Fir Island, Skagit Co. (Fir-Conway). Der ryddet og bygget Erik Husby sin gård og forble der inntil 1935 da de gamle flyttet til sine barn, helst datteren, fru Magnhild Lee, ved East Stanwood. Der døde fru Randi Husby i 1938. Siden den tid har Erik Husby bodd hos sin datter, fru Gunvor Gjøl ved East Stanwood. — Og det bør sies til barnas ære, at de passet godt for gamle mor og far til det siste. — Den hele, store Husby-familie tilstemmer at "Gunvor Gjøl levet for å ta sig av far og mor." Javisst!! Det er stort av godtfolk være fødd!

Erik Husbys etterlatte er fem sønner: Peder og Nels Husby i Norge. (Nels driver nu sin fars gård); Olaus Husby ved Sedro Woolly, Wn.; Magnus og Gunnar Husby ved East Stanwood. (En sønn, Henrik, døde for flere år siden). Fire døtre: fruene Magnhild Lee og Gunvor Gjøl ved East Stanwood, Ragna Kallecat i Marysville, Wn. og Asbjørg Mølver i Petersburg, Alaska, samt 16 barnebarn og 21 barnebarns barn. — En bror, lærer Jon Walseth bor på Sørlandet, og to søstre, fru Ildrid Løvo og frk. Magnhild Husby, som var lærerinne, bor på Nordmøre. En søster, Ingeborg Lien var ved Josephine Sunset Home i flere år; hun døde for tre år siden.

Likferd for Erik Husby blir lørdag 6. des. kl. 1:30 ettm. Det blir første likferd fra det nye C. J. Gunderson Funeral Home i East Stanwood. Bisettelsen finner sted på Husby-familiens gravsted ved Milltown.

Folk i vide kretser, på begge sider av havet, vil minnes denne gjeve bonden, Erik Husby, som en edel foregangsmann i jordbruk.

Der er en rikdom og krefter gjemt fra slekt til slekt i det dype, til større dagverk og dåd bestemt enn kun i muldet å krype. De vil så høyt i flamme slå, som tanker opp kan stige, og over alle have nå til fjernest land og rike.